

Vellukka plastring, vass-sparing må halda fram.

07.11.2016



Etter plastringsarbeidet.

Leiar i Uskedal Vassverk, Hans Reidar Kjærland, fortel at sjølve plastringsarbeidet i Eikeelva er fullført, men sparinga på vatn må likevel halda fram til vi har fått regn med ei skikkeleg elvefylla. Det er Brødr. Musland Maskin som har gjort arbeidet, og dei held no på med oppussingsarbeid som dei reknar med skal vera ferdig innan ei veke.



Før plastring same plass som på bildet ovenfor.

Plastringsarbeidet etter utgravingane som hadde vore i elva, har gått svært fint, og Kjærland er svært fornøgd med både veret i arbeidsperioden og det gode arbeidet som entreprenøren sine folk har gjort. No held Brødr. Musland på med oppussingsarbeid i området inne ved elva, og dei skal også pussa opp etter seg på vegen inn til området som dei har fått lov til å bruka.

Reserveinnaaket som har vore brukt i anleggsperioden, må framleis brukast. Før ein kan ta hovudinntaket i bruk att, trengst det regn og ei skikkeleg elvefylla slik at elva vert vaska rein. Ein kan ikkje sleppa slammet i elva inn i reinseanlegget før det, for då vil alt av filter gå tett. Derfor er det viktig at vi framleis sparar på vatnet.

Kjærland fortel også at gangbrua over elva ved Flåtene no er reparert etter skadene den fekk ved utlegging av den ekstra vassleidningen. Den har fått nytt dekke og nytt rekkverk, og den er heva på eine sida. Det er Byggeriet Uskedal Trelastlager AS sine folk som har stått for dette arbeidet.

Den ekstra vassleidningen som er lagt ut, må verta liggjande på ubestemt tid av di dei må sjå om det no stabiliserer seg langs elvebreidda.

Altså: inntil vidare må vi altså vera ekstra sparsame med vatnet.



Før arbeidet



Etter arbeid



Den nye bru ved Flåtene. Brua er heva på Feet-sida for å gje betre klaring ved stor vassføring(Foto: Johannes Feet)



Denne slangen vil måtte liggja ei tid framover.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Hans Reidar Kjærland